

Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta – Årdal 2025

Dette skrivet vert sendt ut elektronisk til valda, i tillegg til at det vert lagt ut på heimesida til landbrukskontoret. Det er viktig at de som er valdansvarlege vidaresendar til alle grunneigarar og jegerar i valdet dykkar. Når alle får same informasjon, er det enklare å samarbeida:-) Om det er noko de lurer på, er det berre å ta kontakt!

Det er spanande tider i høve skrantesjuka no. Ei arbeidsgruppe skal i november levera ein plan for reetablering av villrein i Nordfjella sone 1. Inntil vidare er det ikkje endringar i høve oppmodinga om høgt uttak av hjort og elg og prøvetaking for skrantesjuke. Nordfjella sone 1 er framleis i den sokalla brakkleggingsperioden og signala til heile regionen er framleis å halda bestandane låge og ha fokus på prøvetaking av jakta vilt og fallvilt.

Naudsynt info knytt til jakta er samla punktvis under:

Kvote

Ny bestandsplan for hjort, elg og rådyr vart godkjent 5. juni 2025. Denne gjeld for perioden 2025-27. Grunna endringar i Eldegarden-valdet, er ikkje alle fellingsløyva sendt ut pr dags dato. Dette vil skje så fort nye kart vert ferdige og i alle fall i god tid før jaktstart. Førebels er det sendt ut 244 fellingsløyve på hjort i Årdal. Det er opna for at valda kan nytta alle fellingsløyva i planperioden, altså ved behov også hjorteløyve frå 2026 og 2027. Det er delt ut 11 fellingsløyve for elg og 20 fellingsløyve for rådyr. Sjå vedlegg for fordeling på dei ulike valda. Også for rådyr og elg vil det koma fleire løyve når endringane i Eldegardsvaldet er klare.

Alle fellingsløyva for hjort og rådyr er frie på kategori frå Årdal kommune sin side. Bestandsplanen for Årdal omtalar kva som skal fellast på løyva. Fellingsløyva for elg er spesifisert på kjønn og alder frå Årdal kommune, men i bestandsplanen vert det likevel poengert at ein ønskjer felling av kalv og ungdyr.

Godkjend bestandsplan kan de finna her:

<https://www.laerdal.kommune.no/bestandsplanomraade.597229.nn.html>

Jakttid

Forskrift om utvida jakttid kring Nordfjella og Hardangervidda gjekk ut i januar 2025. Miljødirektoratet har høyring på ny forskrift ute, med frist for uttale 16. juni 2025. Info om kva som vert konklusjonen der vert sendt ut når dette vert bestemt. Felles landbrukskontor har sendt inn uttale, i samarbeid med bestandsplanområda i Årdal, Lærdal og Aurland.

Jakttida for rådyr er delt:

- Vaksen rådyrbukk: 10. august-23. desember
- Anna rådyr: 25. september-23.desember.

CWD –prøvetaking

Vaksen hjort og elg skal prøvetakast av jegerane. Prøveresultata er viktige for vegen vidare. Info og utlevering av prøvemateriell skjer på jegermøte i august. Kasse med prøveutstyr står som vanleg på skytebana på Loi.

All generell informasjon om CWD er samla på: <https://www.hjortevilt.no/>

Kjeveinnsamling - fluor

Kjevar frå ungdyr og vaksne dyr av hjort, elg og rådyr skal hengjast på skytebana på Loi. Hugs å merka med utfylt merkelapp. Til ungdyrskjevane kan de ta med lause merkelappar, så treng me ikkje kasta bort ein heil prøvetakingskonvolutt til ungdyra.

Jegermøte

Me planlegg å ha jegermøte i Årdal før jaktstart i august. Meir info om tid og stad kjem seinare.

Helikopter

Statens naturoppsyn tilbyr IKKJE helikoptertransport av slakt denne sesongen. Eventuell utflyging må organiserast privat.

Sal av slakt

Når det skal fellast mykje hjort, kan det kanskje vera trøng for å selja unna eit slakt eller to. Haugen gardsmat i Flåm v/Odd Ohnstad kjøper slakt. Sjå <https://www.haugengardsmat.no/jegerinfo>

Teléfononummeret til Odd er 915 39026.

Sett-og-skutt

All jakting skal registrerast på Hjorteviltregisteret. Det er viktig også å registrera jaktdagane utan felling eller observerte dyr. Registreringane gjerast anten ved å logga deg inn på www.hjorteviltregister.no eller ved å lasta ned settogskutt-appen. Det er viktig at jegerane registrerer jaktinga si fortløpende, då har me oversikt over korleis fellinga ligg an underveg i jakta.

Prøvesvaret finn de på hjorteviltregisteret under «Helse»-fana i Hjorteviltregisteret. I 2018 vart det gjort nokre endringar på korleis jegerane skulle registrera jaktinga si på settogskutt. I korte trekk var endringa den at alle observerte dyr skulle registrerast, uavhengig av om dyret med sikkerheit var sett fleire gonger/av andre. Me trur ikkje mange fekk med seg denne endringa, fordi det ikkje var godt marknadsført. I tida no er sett-hjort-registreringane viktigare enn nokon gong fordi me på den måten kan følgja med på endringane i bestanden opp i mot målet om reduksjon. Ei endring i måten å føra på er difor uheldig fordi det vert vanskelegare å samanlikna tala mellom åra. Difor har me beslutta at me IKKJE VIL FØLGJA endringa som det er lagt opp til i føring av sett-hjort. Alle jegerar i Årdal skal altså føra sett-hjort som før, og ikkje ta omsyn til endra instruks! Ergo, registrer sett-hjort som «vanleg»!

Human jakt

Sjølv om det er ønskjeleg med høgt fellingsresultat, er det viktig at de tenkjer sikkerheit og human jakt når de er ute. Skyt kalven før kolla. Hugs plikten til å ha tilgang på ettersökshund –og bruk hunden når uhellet er ute! Her har me ein del å gå på! Viltforvaltinga oppmodar Statens Naturoppsyn til å føra kontroll med human hjorteviltjakt også denne sesongen.

Samarbeid

Alle hjortevalda i Årdal er med i det som vert kalla «Årdal bestandsplanområde for hjort». Då er det opna for at ein kan flytta løyve mellom valda, og mellom åra i bestandsplanperioden. Ordninga gjeld kunn for hjort (altså ikkje elg og rådyr). Flytting av løyve er brukt i ein viss utstrekning i Årdal, men det er mogleg/ønskjeleg å nytta dette endå meir. For å flytta løyve mellom åra i planperioden trengs det ingen avtale. Alle fellingane skal meldast inn i fellingsrapporten det året dei er felt. Det vil seia at det er heilt ok at eit vald har meir enn 100% felling eit år. For å flytta løyve mellom vald som er medlem i bestandplanområdet, må valda ha ei skriftleg avtale om samjakt. Vald i Utladalen driftsplanområde kan kunn flytta løyva sine innad i driftsplanområdet. Ta kontakt om du ønskjer eit ferdig formular på løyveflytting.

Det valdet som får fellingsløyvet tildelt, skal rapportera resultatet, uavhengig av om løyve er nytta på eit anna vald. På settogskutt registerer jegerane fellinga på det valdet som dyret vart jakta på. Fellingsavgifta vert fakturert valdet som fekk løyvet. Det som truleg vil vera avgrensande for jakttakket til hausten er jegeranes tilgjengelege tid til å jakta. Dei valda som «føler seg ferdig» med å jakta i løpet av hausten og som har mykje dyr i terrenget, bør vurdera om dei kan sleppa fleire jegerar inn i terrenget. Dette kan gjerast anten ved at jegerar har med «eigne fellingsløyve» eller at fleire jegerar kan koma inn og jakta på dei løyva som er gitt det aktuelle valdet. Dei merka hjortane fortel oss at dyra nyttar mange vald i løpet av året. Dei dyra som ein kanskje opplever som «eigne dyr», flytter seg ofta mykje, både i løpet av døgeret og sesongen.

Fellingsavgift

| Fellingsavgift: | 2025 |
|------------------------|-------------|
| Hjort $\geq 1,5$ år | 480 |
| Hjort kalv | 0 |
| Elg $\geq 1,5$ år | 620 |
| Elg kalv | 0 |

Rapportering

Frist for rapportering til kommunen er 14 dagar etter endt jakttid. Valdansvarleg skal gjera dette i hjorteviltregisteret. Me hjelper gjerne til om de har trøng for assistanse!

Skitt jakt!